

Byggmester Bjørn R Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1706 - 14/6463

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2014

Omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord for oppføring av nytt våningshus på - GBNR 106/14 Fanebust

Administrativt vedtak. Saknr:

Saksutgreiing:

Omsøkte tiltak

På vegne av Benedikte og Åsmund Søreide søker Byggmester Bjørn R Kvinge om at det vert gjeve løyve til oppføring av nytt våningshus på gbnr 106/14. Søknad er stempla motteke 20.03.2014

Arealet som er omsøkt til hus og hage er på ca 1 dekar

Plan og lovgrunnlag

Den omsøkte parsellen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel som LNF område (Landbruk natur og friområde)

Eigedomen har ein slik storleik at den etter odelslova er ein odelseigedom som då vil ha krav om bu og driveplikt.



Vurdering:

Lovgrunnlaget

Jordlova

§ 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.

Det er i dag ikkje våningshus på dette bruket men det er krav etter odelslova om bu og driveplikt, då eigedomen er så stor at det er krav om busetjing innan eit år. Plasseringa av det nye våningshuset ligg på ein grunnlendt overflatedyrka haug litt heva over slåttemarka, slik at ein ikkje kan sjå at plasseringa vil føra til driftsmessige ulemper.

1. Kommuneplanen sin arealdel

Ein vurderer det slik at oppføring av våningshus er nødvendig for drifta av bruket og vil såleis ikkje vera i strid med føremålet i kommuneplanen.

4. Naturmangfaldlova §§ 8 og 9

Dette er eit dyrka areal og ein kan ikkje sjå at tiltaket vil berrøra dei naturkvalitetar som kan vera i området.

Vedtak

Rådmannen gjev i medhald av jordlova § 9 løyve til omdisponering av eit areal på ca 1 dekar for oppføring av nytt våningshuas på gnr 106 bnr 14 Fanebust. 20. Ein vil gjera merksam på at dette vedtaket fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Bjørn R Kvinge AS

Kvingebakkevegen 5981
97

MASFJORDNES